

Komorbiditet ved kronisk insomni

Ny forskning tyder på at behandling av kronisk insomni vil kunna gje store positive helseeffektar i samfunnet.

Ei gruppe amerikanske forskarar under leiing av Daniel J. Taylor ved University of North Texas, Denton har henta inn eigenrapporteringsdata om søvn, helse, depresjon og angst frå 772 kvinner og menn mellom 20 og 98 år.

Resultata, som er publisert i *Sleep*, viser at personar med kronisk insomni rapporterte meir enn personar utan av følgjande: hjartelidingar (21,9 % vs. 9,5 %), høgt blodtrykk (43,1 % vs. 18,7 %), nevrologiske lidningar (7,3 % vs. 1,2 %), pusteproblem (24,8 % vs. 5,7 %), urinvegsproblem (19,7 % vs. 9,5 %), kroniske smerter (50,4 % vs. 18,2 %), og gastrointestinale problem (33,6 % vs. 9,2 %).

Motsett rapporterte personar med følgjande medisinske problem meir kronisk insomni enn personar utan: hjartelidingar (44,1 % vs. 22,8 %), kreft (41,4 % vs. 24,6 %), høgt blodtrykk (44,0 % vs. 19,3 %), nevrologiske lidningar (66,7 % vs. 24,3 %), pusteproblem (59,6 % vs. 21,4 %), urinvegsproblem (41,5 % vs. 23,3 %), kroniske smerter (48,6 % vs. 17,2 %), og gastrointestinale problem (55,4 % vs. 20,0 %).

Ei samla vurdering av alle dei medisinske problema viste at pasientar med høgt blodtrykk, pusteproblem, urineringsproblem, kroniske smerter eller gastrointestinale problem hadde statistisk høgare nivå av insomni enn personar utan slike medisinske lidningar.